

Fordeling av midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, Statsbudsjettet kap. 1420 post 78. Søknadsvurdering

Søklar	Kommune	Område	Tiltak	Kostnad	Søknad	Skildring av friluftsområde	Sum på UU tiltak	Fylkesrådmannen si tilråding	Tilskot
Askøy kommune	Askøy	Herdla Fort	Avdekking og bevaring av istidens strandavsetning	223 000	163 000	Herdla Fort er eit regionalt viktig friluftsområde med 100 000 brukarar. Området er tilrettelagt for ulike brukargrupper i alle aldrar. Området kan nyttas til allsidige aktivitetar og oppleving av natur m.a. med fuglereservat. Tiltaket gjeld tilrettelegging og tilkomst for ei morenevegg-utstilling i samband med det planlagte museet. Søkar ønskeleg at veggen blir synleg og tilgjengeleg for ålmenta.		God tilgang til området med buss, bil eller båt. Tiltaket omhandlar ikkje prioriterte tiltak i høve retningslinjene i tilskotsordninga i stor nok grad. Tiltaket vert vurdert som å ha fokus på utstilling av naturminne meir enn tilrettelegging for auka friluftaktivitet. Det fell difor utanfor målsetjinga for tilskotsordninga. Tilråding: avslag	
Askøy kommune	Askøy	Herdla Fort	Gangveg til fugleobservasjonspunkt	165 000	120 000	Herdla Fort er eit regionalt viktig friluftsområde med 100 000 brukarar. Tiltaket gjeld utarbeiding av ein gruslagd gangveg frå hovudvegen rundt fortet. Fokuset er å betre tilkomsten for folk med nedsett funksjonsevne til eit av dei beste utkikkspunkta på fortet.	120 000	Tilgang med buss, bil eller båt. Opparbeiding av adkomstveg som minskar dei fysiske hindringane for bruk av området, også for personar med nedsett funksjonsevne. Tiltaket kan føre til auka bruk og styrkje opplevinga av området og er i tråd med målsetjinga for tilskotsordninga. Tilråding: kr 120.000	120 000
Askøy kommune	Askøy	Herdla Fort	Skilting av kunnskapsløype	75 000	55 000	Herdla Fort er eit regionalt viktig friluftsområde. Tiltaket gjeld etablering av ei kunnskapsløype for publikum med 10 postar rundt på fortet. Postane vil vera utstyrt med QR-kodar slik at brukarane kan lasta ned supplerande informasjon, henta oppgåver m.m. Utlån av GPS som hjelpemiddel vil vera aktuelt. Universell utforming av rundløypa er planlagt.	55 000	Tilgang med buss, bil eller båt. Tiltaket legg til rette for auka opplevingar på lavterskelnivå som gjer området meir attraktivt og kan auke interessen for området. Retta mot barn og barnefamiliar. Tiltaket kan ha stor interesse for brukargrupper som vanlegvis ikkje er opptekne av friluftaktivitet, td spesielle ungdomsgrupper. Tilråding: 55.000	55 000
Bergen og Omland Friluftsråd	Hordaland	Statleg sikra friluftsområde r i 17 kommuner	Statleg sikra friluftsområder i 17 kommunar	18 665 000	5 735 000	Samlesøknad for 24 prioriterte statleg sikra friluftsområder i ein 5 års forvaltingsplan av BOF. Områda er: Kollevåg og Sjursvika i Askøy, Sveholmen og Kalsundholmen i Austevoll, Årvika i Austrheim, Sandholna og Solviken i Bergen, Kårtveitpollen og Hissøyna i Fjell, Skjelavikjo og Fusaneset i Fusa, Kvernhusviki i Lindås, Håøya og Varnappen i Meland, Ervikane og Mobergsvika i Os, Skageneset og Trettholmen i Radøy, Rolvsvåg i Samnanger, Styssøy, Sætrevika, Risøyna og Buarøy fort i Sund og Skogsøy i Øygarden. Fleire av områda har fokus på tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne.	950 000	Samlesøknad der ein har lagt til grunn ein 5-årig forvaltingsplan med oversyn over tiltak og kostnader for kvart friluftsområde som det er søkt midlar til. BOF er ein effektiv organisasjon med kapasitet til profesjonell gjennomføring av omfattande og mange tiltak. Stor bruk av mange av friluftsområda frå folk i regionen krev robust og god tilrettelegging. Tilråding: 2.875.000	2 875 000
Friluftsrådet Vest	Bømlo	Vedvika	Oppsetting av gapahuk, m.m	250 000	100 000	Regionalt friluftsområde med 5000 potensielle brukarar. Kan nås frå sjø og land. Søker ønsker å sette opp eit grindahus som skal fungere som gapahuk og grillhytte. Det er også behov for rydding og opparbeiding av baklandet til strandområdet. Eigna for turgåing, bading, sykling og fiske.		Område har regional tyding. Tilgang utan bil eller båt. Tiltaket vil gje auka tilgjenge og bruk og styrkje opplevinga av området. Tilråding: 100.000	100 000
Friluftsrådet Vest	Bømlo	Furuneset	Ny flytebrygge	300 000	200 000	Populært og sentrumsnært friluftsområde med 10 000 potensielle brukarar. Godt tilrettelagt for barnefamiliar og menneske med nedsett funksjonsevne. For å betre tilhøva og auke kapasiteten er det behov for å få på plass ny flytebrygge, nye fortøyingar og lodd må setjast ut. Eigna for bading, fiske, telting.		Tilgang utan bil eller båt, høg bruksfrekvens, også for dei med nedsett funksjonsevne. Tiltaket vil gje auka kapasitet av området. Tilråding: 200.000	200 000
Friluftsrådet Vest	Bømlo	Åreiddalen,	Utviding av p-plass	250 000	100 000	Regionalt friluftsområde med 5000 potensielle brukarar. Godt eigna for barnefamiliar og menneske med nedsett funksjonsevne. Søklar ønskjer utviding av parkeringsplass for å betre tilkomst for menneske med nedsett funksjonsevne, rydde for å betre tilgangen til toalett og setje opp gapahuk og grillstad.	100 000	Regional tyding. Tiltaket rettar seg mot auka kapasitet for prioriterte brukargrupper. Ikkje tilgang utan bil eller båt. Tilråding: 100.000	100 000
Friluftsrådet Vest	Bømlo	Breidvika	Opparbeiding av p-plass og tilkomst	450 000	150 000	Område med 5000 potensielle brukarar. Tilkost frå veg og med båt. Behov for betre parkeringstilhøve for auka kapasitet. Tiltaket rettar seg mot alle brukargrupper, med hovudfokus på barnefamiliar.		Tilgang utan bil eller båt, Tiltaket vil gje auka kapasitet av området, og for prioriterte grupper. Tilråding: 150.000	150 000
Friluftsrådet Vest	Etne	Peparen	Hogst og skjøtsel	200 000	100 000	Lokalt friluftsområde med 10 000 potensielle brukarar. Adkomst frå sentrum i Skånevik via gangbru. Søklar midlar til å opne området ved hogst og uttyrning av skog for å auke tilgjenge og tryggleiken for menneske med nedsett funksjonsevne. Bading, fisking og turgåing er dei mest nytta aktivitetane på området.	100 000	Området ligg sentralt i tettstaden Skånevik. Tiltak i høve til universell utforming. Tilgang utan bil eller båt. Tilråding: 100.000	100 000
Friluftsrådet Vest	Etne	Taraldsøya	Oppsett av gapahuk	250 000	150 000	Regional viktig friluftsområde for båtutfart med 5000 potensielle brukarar. Ønskjer å bygge tak på tuftene etter tidlegare naust og innreie dette enkelt som ein gapahuk og grillhytte. Det er også behov for å betre tilkomst og bruksflate i strandområdet i tilknytning til bygget.		Båtutfartsområde - ingen tilgang utan båt. Førabels har området avgrensa brukspotensiale for mange. Tilråding: avslag	
Friluftsrådet Vest	Fitjar	Langøya	Grunnleggjande tilrettelegging	600 000	400 000	Regionalt friluftsområde for båtutfart med 5000 potensielle brukarar. Behov for grunnleggjane tilrettelegging som å rydde område, lage turstiar, byggje toalett, setje ut flytebrygge m.m. Eigna for padling, bading, fisking og telting.		Båtutfartsområde - ingen tilgang utan båt. Førabels har området avgrensa brukspotensiale for mange. Tilråding: avslag	
Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Lykelsøya	Brygge og gapahuk	550 000	300 000	Populært regionalt båtutfartsområde med 10 000 potensielle brukarar. Treng ei ny flytebrygge for å auke kapasiteten og å setje opp ein gapahuk. Eigna for bading, turgåing, leik/rekreasjon, sykling, fiske og telting.		Båtutfartsområde - ingen tilgang utan båt. Førabels har området avgrensa brukspotensiale for mange. Tilråding: avslag	
Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Bjøllebøvågen	Oppgradering av bakland	300 000	200 000	Regionalt populært friluftsområde for båtutfart, med 5000 potensielle brukarar. Friluftsrådet vil opne området gjennom hogst og rydding, for auka tilkomst og samband mellom dei ulike delane av området.		Båtutfartsområde - ingen tilgang utan båt. Førabels har området avgrensa brukspotensiale for mange. Tilråding: avslag	
Friluftsrådet Vest	Sveio	Selsåsvika	Oppgradering av p-plass og tilkomst	350 000	150 000	Område med 5 000 potensielle brukarar. Området kan nåast frå sjø og land. Treng oppgradering og vedlikehald av parkeringsplass og tilkomstveg. Behov for auka tilgang for menneske med nedsett funksjonsevne. Området er eigna for bading, båtutfart, leik/rekreasjon, sykling, klatring, fiske og telting.		Ligg 4 km frå tettstaden Førde. Kan nåast frå land. Tiltaket vil auka tilgangen til eit område med høve til mange ulike friluftaktivitetar, og for dei med nedsett funksjonsevne. Tilråding: 150.00	150000
	Tiltak i 16 kommunar			22 628 000	7 923 000		1325000		3850000